

Hordaland Folkemusikklag
Møre og Romsdal folkemusikklag

6968 Flekke 18.10.2021

Innbyding til markering av at Sogn og Fjordane folkemusikklag er 40 år

Styret i Sogn og Fjordane folkemusikklag ynskjer Dykk velkomne til å delta i markeringa av at laget vart skipa 29. mars 1981. Tilskipinga vert halden på:

Thon Hotel, Skei i Jølster 13. november 2021 kl 19.00

Kvelden startar med bordsete. Her vert Jens Brekke kjømeister, Jostein Årdal vil seie litt om historia til laget. Vi har utfordra tidlegare leiarar og Æresmedlemmer til å syte for litt underhaldning. Elles vil vi nytte dette høve til å dele ut folkemusikkprisen for Sogn og Fjordane. Etter bordsæta vert det dans.

Hotellet tilbyr:

Overnatting 2 personar i dobbeltrom med middag og frukost inkludert:	kr 1145,- pr. person
Overnatting 1 person i enkeltrom med middag og frukost inkludert:	kr 1545,- pr. person
Berre middag inkludert fest og dans	kr 550,- pr. person
Dansen (Startar ca 21.30. – betaling ved inngangen – inga påmelding):	kr 250,- pr. prtson

Ver bra og meld deg på til hotellet innan 01.11.2021. Bruk ein av desse plattformene; jolster.booking@olavthon.no eller telefon 57 72 78 00.

Vi nemner også at vi tek sikte på å gjennomføre ein Smørbukk-kappleik tidlegare på dagen. Denne startar kl. 14.00.

Med beste helsing styret i Sogn og Fjordane folkemusikklag
v/ Knut David Hustveit, leiar